



## Innkalling av Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 21.10.2021  
**Møtestad:**  
**Møtetid:** 12:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
005/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2021	Godkjenning av møteprotokoll
007/2021	Orienteringssaker
008/2021	Søknad om stønad til streamingsutstyr - Nese Media

20. oktober 2021

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/279

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2021	Næringsfondsstyret	PS	21.10.2021

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/279

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2021	Næringsfondsstyret	PS	21.10.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 24.08.2021

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/279

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2021	Næringsfondsstyret	PS	21.10.2021

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	21/214

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2021	Næringsfondsstyret	PS	21.10.2021

### Søknad om stønad til streamingsutstyr - Nese Media

#### Forslag til vedtak:

Modalen kommune v/ næringsfondet løyver kr. 98 657,- i tilskot til Nese Media. Følgande vilkår gjeld:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad og vedlegg d. 20.09.21.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
3. *Startegisk næringsplan 2017 – 2021 for Modalen kommune og Vedtekter for næringsfondet* ligg til grunn for vedtaket. Viser m.a. til § 3 som omhandlar tilbakerapportering til kommunen.
4. Tilskot gjennom næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Nese Media søker kr. 117 314,- i tilskot til innkjøp av streamingutstyr/kamera. Samla kostnad for prosjektet er rekna til kr. 197 314,- kor kr. 80 000,- vert finansiert av søkjar sjølv.

Forretningsidèen er å tilby komplett pakke av medierelatert innhald innanfor marknadsføring og formidling av arrangement i digitale kanalar. Dette inneber for verksemda å ta straeming av arrangement, konsertar, møter og gudstenester til eit nytt og betre nivå.

Søkjar viser til at løysinga som i dag vert nytta er tungvint, men at ved nytt moderne utstyr kan ein vente seg meir effektiv arbeidsform. Det vil kunne gje moglegheit til fleire live-sendingar til ein lågare pris, fleire strømmingar, fleire moglegheiter og betre kvalitet. Dette vil vere ei viktig investering for

verksemda for å oppnå ei 100 % stilling (sysselsetjing).

## **Vurdering**

### *Strategisk næringsplan for Modalen kommune(SNP)*

SNP peiker på at Modalen vil styrkje fokuset på gründerverksemd og morgondagen sine arbeidsplassar. Rådmannen si vurdering er at søkjar er i tråd med dette. Fokusområdet IKT syner til at det skal framhevast og støttast opp under aktørar som fremjer IKT-baserte nyvinngar/løysingar. Nese Media har over tid – og stegvis – synt at verksemda skapar nye løysingar som marknaden vil ha. At verksemda no nærmar seg å sysselsetje 1 person i 100 % stilling underbyggjer dette. Verksemda er også aktuell bidragsytar til *reiselivet* i Modalen (fokusområde i SNP) gjennom å tilby m.a. heimesider. Under fokusområdet *Gründer, etablering, entrepenør og innovasjon* finn ein at Nmodalen skal vere nytenkjande og utviklingsorientert. Verksemda syner etter rådmannen si vurdering slik utviklingsorientering.

### *Vedtekter for næringsfondet*

Vedtektene peikar på at sentrale kriteriar for tildeling av stønad frå næringsfondet er knytt til sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar. Rådmannen si vurdering er at tiltaket fell inn under føremålet fordi det over tid har utvikla seg ein kompetansearbeidsplass som no nærmar seg ei 100 % stilling. Dette bidreg også til at søkjar kan halde fram med å bu og arbeide frå Modalen – og tryggjer også busetnaden for evt. tilhøyrande familie.

## *Økonomi*

I søknaden er det vist til samla kostnadar for prosjektet på kr. 197 314,- kor søkjar sjølv bidreg med kr. 80 000,- (40,6 %) av den samla finansieringa. Rest som er søkt finansiert ved hjelp av næringsfondet vert kr. 117 314,- (59,4 %).

Eigensfinansieringa er relativt høg, noko som underbyggjer at søkjar sjølv også tek risiko. Det gjev tillit til prosjektet.

I SNP er det vist til kategoriane 1, 2 og 3. Kategori 3 gjev samla stønad inntil 50 %. I særlege tilfelle kan stønad tildelast utover kategori 3. Rådmannen si vurdering er at tiltaket kan plasserast i kategori 3 – inntil 50 % stønad. Det utgjør kr. 98 657,- i stønad.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at søknaden frå Nese Media vert støtta med inntil kr. 98 657,- i tilskot. Stønaden vert knytt til søknad d. 20.09.21 med vedlegg.

**Vedlegg:**

resultset\_533\_796\_vedlegg4.pdf

resultset\_533\_796\_vedlegg3.pdf

resultset\_533\_796\_vedlegg2.pdf

resultset\_533\_796\_vedlegg1.pdf

Næringsfondet søknad om streamingutstyr

Næringsfondsvedtekter - vedteke i KS 21.09.17

Strategisk næringsplan 2017 - 2021, vedteken i KS sak 045-2017